

## NYFs etiske retningslinjer

### FØREMÅL

- Å gjere kjend normer for etisk profesjonell framferd for medlem av den internasjonale yrkeshygienikarorganisasjonen. Desse retningslinjene er laga for yrkeshygienikarar som utøvar yrket sitt og rettleiar personar, særleg arbeidstakarar, og ålmenta i spørsmål som påverkar helsa og velferda deira, miljøet og yrkeshygieneprofesjonen.

### FAGLEG ANSVAR

- Å halde i hevd det høgaste nivå av personleg integritet og profesjonell kompetanse.
- Å nytte høvelege vitenskaplege metodar og tolke funn nøytralt og med god vilje.
- Å formidle vitenskapleg kunnskap til beste for arbeidstakarar, samfunnet og profesjonen.
- Å verne fortruleg informasjon.
- Å handsame saker innafor eige kompetanseområde.
- Å handle ansvarleg for å halde oppe integriteten til profesjonen.

### ANSVAR OVERFOR ARBEIDSTAKARAR, DET OFFENTLEGE OG MILJØET

- Å innsjå at det fremste ansvaret til yrkeshygienikaren er å verne helsa og velværet til arbeidstakarar.
- Å vurdere korleis avgjerder og handlingar påverkar det offentlege miljøet.
- Å identifisere, vurdere og kontrollere helsefarar uavhengig av ytre påverknad, i det ein innser at menneskeleg helse og velferd kan være avhengig av dugleiken og det profesjonelle skjønnet til yrkeshygienikaren.
- Å klart, effektivt og sakleg gje råd til alle involverte om helsefarar og tiltak for å unngå helseskade.
- Å ansvarleg nytta yrkeshygieniske prinsipp for å lage og halde ved like eit trygt miljø for alle.
- Å streve for å verne helsa og velferda til eigne arbeidstakarar, med same flid og omsorg.

### ANSVAR OVERFOR ARBEIDSGJEVARAR OG KUNDAR

- Å ærleg, ansvarleg og kompetent gje råd til arbeidsgjevar eller kunde, slik at identifikasjon, vurdering og kontroll av helsefarar på arbeidsplassen vert basert på sunne, faglege prinsipp.
- Å respektere konfidensialitet, men underordne ansvaret overfor arbeidsgjevar eller kunde det grunnleggjande: Å verne helsa til arbeidstakarane.
- Å gje arbeidsgjevar eller kunde råd om aksepterte standardar eller retningslinjer, eller lovar og forskrifter.
- Å sakleg rapportera funn og tilrådingar og å sikre at faglege vurderingar er grunna på dugleik innan yrkeshygienikaren sitt fagområde.
- Å handle etter prinsippet om at i spørsmål om vern av helse og vern av miljø er det vanlegvis samsvar mellom interessene til arbeidsgjevarar, kundar, arbeidstakarar og ålmenta. Når konflikhtar likevel oppstår mellom interessene, må dei løysast på det minst skadelege vis som er mogleg.